

# **RAPPORTSKJEMA FOR BRUK AV FOU-MIDLAR FRÅ NYNORSKSENTERET**

## **Namn på institusjon:**

Våland skole

## **Rektor/fagleg leiar:**

Sigrun Homleid

## **Telefonnummer:**

Våland skole: 51538600

Lise Lunde Nilsen: 48273643

Postadresse: Schivesgt. 21 4010 Stavanger

E-postadresse: [lise.lunde.nilsen@valand.gs.rl.no](mailto:lise.lunde.nilsen@valand.gs.rl.no) eller [lise.l.nilsen@lyse.net](mailto:lise.l.nilsen@lyse.net)

## **Ansvarleg for prosjektet:**

Lise Lunde Nilsen

I tillegg er desse lærarane med:

Torunn Berge Gloppen

Anne Lise Sømme Kielland

## **Tidsrom for rapporten:**

Vårhalvåret 2007

## **Kva går prosjektet ut på?**

”Haugtussa som barnelitteratur” er eit litteratur- og nynorskprosjekt som går over tre skoleår. Denne rapporten er for vårhalvåret i 3. klasse. Tredje klasse er det andre skoleåret prosjektet går føre seg. Eg viser elles til dei tre rapportane som allereie ligg føre om prosjektet.

I prosjektet vil me visa at ein kan arbeida med vaksenlitteratur for barn dersom ein lagar ei historie rundt emnet. Dessutan vil me sjå korleis det går å innføra nynorsk som sidemål allereie frå 2.-3. trinn.

## **Korleis er prosjektet organisert og gjennomført?**

I prosjektet fortel me den ytre historia om Veslemøy, den synske gjetarjenta frå Jæren som levde for meir enn 100 år sidan. Jenta som kjende dei underjordiske.

Me vel ut ein god del av tekstane frå Haugtussa. Desse limer me inn i barna sine Haugtussa-bøker. Barna må heile tida lesa og kunna innhaldet i desse tekstane, og dei skal aller helst kunna dei utanboks. Dei illustrerer tekstane på ulike vis, trykk, teikning måling o.a.

Barna får oppgåver der dei skriv om Veslemøy, t.d. personskildring: "Eg er Veslemøy", eg har ein katt som heiter Mons, eg er forelska i Jon, eg kjenner dei underjordiske" osv.

Dette halvåret har me med utgangspunkt i teksten "Haugtussa" hatt dei underjordiske i norsk folketru som spesialemne. Som innleiing til dette emnet syng barna saman med Lynni Treekrem: "Ein dag dei spurde med kolning om munn....."

No i mai fekk barna arbeida med Veslemøy i eit storyline-opplegg. Dei fekk laga landskap, dyr og menneske i store øskjer. Dei fekk fleire oppgåver i høve øskjene:

"Veslemøy og mor bed til selskap. Kva slags klede hadde dei? Kva slags mat åt dei?"

"Ein dag var Mons borte. Kva hadde hendt?"

"Det kom eit brev frå presten i Time kyrkje som spurte om det var sant at Veslemøy kjende dei underjordiske, og om ho kunne fortelja om dei dersom dette var sant"

Dei aller fleste barna skriv på nynorsk, dei bed om det dersom me gløymer å minna dei på at dei skal gjera det.

Elles syng me songar frå Haugtussa, me spelar musikk, me lagar ein eigen Haugtussakalendar som skal vera ferdig til januar 2008.

Barna er framleis merksame på å finna enderim og allitterasjonar i tekstane.

Me har vore på ein vartur til Jæren saman med foreldra, og i mai reiste heile trinnet til Bryne for å sjå bildevev og kalligrafi frå Haugtussa, laga av Herborg Kverneland.

### **Kva har de oppnådd i prosjektet?**

Me synest me har fått til det som står i Kunnskapsløftet om språk og kultur: "Samtale om eit utval songar, dikt, forteljingar og eventyr frå fortid og notid på bokmål og nynorsk." Barna skal "uttrykka tankar om språk, personar og handlingar i tekstar frå dagleglivet og i skjønnlitterære tekstar frå ulike tider og kulturar".

Me har oppnådd at barn som er 9 år og har bokmål som hovudmål les Garborg på originalspråket. Dei er stolte av å kunna lesa desse tekstane.

Barna klarer langt på veg å skriva på nynorsk også.

Me meiner og at me har oppnådd å kunna formidla eit viktig litteratur-og kulturverk i Noreg på ein god og barnevennleg måte.

Det har vore reportasje om prosjektet i bladet "Utdanning" nr. 4, 2007.

Deler av prosjektet er filma av Snøballfilm.

### **Rekneskap:**

Bøker, bilde, musikk, kunst, Haugtussabøker, Garborgpapir etc	kr. 11.726,50
Foredrag av Herborg Kverneland	kr. 500,00
Planleggingsmøte/seminar	kr. 5931,00
Buss, bil i høve turar til Jæren	kr. 4572,00
Til saman	kr. 22.729,50

### **Plan for vidareføring av prosjektet.**

Me vil halda fram med historia om den synske jenta, Veslemøy. Barna skal t.d. få høyra meir om forelskinga i Jon, Haugkallen m.m. Barna skal få meir innblikk i dagleglivet på Jæren den gongen.

Barna skal få lesa mange fleire tekstar frå "Haugtussa" Me har me vilje gøymt nokre av dei finaste tekstane til 4. klasse.

Sjangerlære er noko av "pensum" på 4. trinn, og me har tenkt å knytta ho til prosjektet vårt.

Me har så mange planar for neste skoleår, og me veit ikkje om me klarer å gjennomføra alle.

Nokre stikkord kan likevel vera:

Fleire tekstar.

Arbeida meir med god lesing av tekstane.

Samla elevtekstar og gi ut bøker

Laga veggilde

Storyline (emne ikkje bestemt)

Laga film om dei underjordiske

Fleire turar til Høgjæren., m.a. til Garborgheimen og Knudaheio.

Gjera ferdig Haugtussakalendaren

Musikk og dans.

Visa fram noko av arbeidet til Stavanger Kulturhovudstad 2008.

Fortelja om Arne Garborg.

Haugtussaprogram på Stavanger Pedagogiske Forening sitt julemøte.

Haugtussaprogram for foreldra på Knudaheio i juni 2008.

### **Samla vurdering av prosjektet:**

Me får svært gode tilbakemeldingar frå foreldra.

På eit generelt evalueringsskjema for dette skoleåret skriv mange av barna at det er ”kjempekjekt” å halda på med Haugtussa.

Me lærerar er glade for at me skal halda fram med prosjektet eit år til, for no får me tid til å laga eit skikkeleg opplegg som ikkje er hastverk. Me synest det er utruleg kjekt å arbeida med dette prosjektet

Aldri har det vore lettare å undervisa i nynorsk som sidemål, det ser ut som om det er bra at det er sett inn i ein samanheng, og at ein eigentleg kan begynna så tidleg som mogleg i skoleløpet.

Stavanger, 21.06.07

Lise Lunde Nilsen  
prosjektleder